

Akademisk bruk av israelsvener

(Debatt): Jens Tomas Anfindsen hev vore på Universitetet i Oslo og høyrt på fylredrag med menneskerettseksperten og israelsvenen Jus-tus Weiner.

Olav Torheim

Publisert: 09.10.2007 kl 22:59

Vertinna for arrangementet var professor Hilde Henriksen Waage, Noregs kanskje mest einsidige israelskritikar. Både ho og studentane hennar visste å gjeva Weiner det glatte lag (eg vil ikkje sitera meir frå Anfindsen sitt refe-rat, les holder heile saki i Norge IDAG 04.10.2007).

For studentane hennar Waage var det tydelegvis ikkje so viktugt å fylgja upp dei konkrete momenti som Weiner kom inn på, derimot galldt det å demonstrera and-synes professor Waage at dei hadde forstått sitt politisk korrekte pensum rett og soleides kunde taka ordet og fortelja Weiner korleis Midtausten-konflikten "ei-genleg" hekk i hop, og kor forferdelegt det var av Werner å presentera konflikten frå eit alternativt perspektiv.

Dette minnar meg um ein epost eg fekk for two og eit halvt år sidan frå Roar Mad-sen, som hev vore tilsett ved Historisk Institutt på NTNU i Trondheim. I ei epost-veksling der han skjeller ut oss i Målmannen-redaksjonen for å ha sett "stinkande sionistinnlegg" på prent i bladet (reint konkret galldt det eit innlegg frå Erez Uriely i nr 2 2005 som han hevdar er "glitrande døme på høgreaktoritær og anti-demokratisk politikk som kan nyttast i undervisning på høgskule- og universitet"), gjeng det fram at dette med å invitera israelsvener til fylredrag um Midtaus-ten vil ha følgjande følgjer: "Det er viktig å få til en riktig oppfatning om Israel og

ten, slik at studentane fær noko å bryna seg på, faktisk er ein sentral komponent i Midtausten-undervisningi:

"Du skyner sikkert at eg ikkje fell i stavar av gleda yver at folk leflar med etnokrat-rasistane i Israel. Til all lukka er det færre høgreekstremistar av det slaget i Noreg no enn det var for nokre tiår sidan.

Og elles diskuterer eg ofte sionisme med både motmenn og meiningsfeller. Det er faktisk ein del av jobben min sidan eg er fagleg leidar for eit Midtausten-studie, der eg mellom anna sytte for at Med Israel for Fred fekk koma til. I møte med studentane fekk dei elles hard medfart.

[...]

Og: Dersom du trur eg er redd for å taka ordskifte med deg tek du styggjeleg i miss. [...] Difor: Tak meg gjerne på ordet på nyåret eller utpå 2006. Då er det nytt studentkull på Midtaustenkurset her. Eg eller andre fagfolk stiller gjerne upp i konfrontasjon med frelse sionistar som deg. Tak kontakt i oktober/november då planarbeidet tek til - so skal du få sleppa til i møte med ei større gruppa studenter. Då kann vel andre få døma um godt & låkt eller rett & rangt."

(Roar Madsen, 10. juni 2005)

Kor som er, de ser upplegget: Israelsvenene vert ikkje inviterte for at studentane skal få eit innblikk i Israels versjon, men tvert um for at dei skal nytta den propagandaen dei hev fenge innprenta til å stella gjestene til veggs (og soleis få vist fyrelesaren kor "flinke" dei er). Madsen nyttar jamvel eit so sterkt ord som "konfrontasjon" um korleis han og kollegaene hans kjem til å møta oss israelsvenene. Vel, eg er ikkje redd for å ta nokon konfrontasjon, so eg minnar med dette um saki, Roar Madsen.

redaktør for tidskriftet Målmannen